



Kommuneposten

Informasjonsavis for Hemsedal kommune
Juni 2023

Konsert med Hilja

&
Amelia Gomez Snerte

Torsdag 29. juni kl. 19.00
i Hemsedal kyrkje

Hilja har et artistprosjekt med
norskspråklig visepop med jazzelementer
hun er på kirketurnè med.

På konserten i Hemsedal har hun med seg
Amelia Gomez Snerte.
De skal spille både sammen og hver for seg.

Billettsalg i døra!

VELKOMMEN!



Hemsedal kommunehus



Kommunehuset er ope kvardagar kl. 09.00 - 15.00, tlf. 31 40 88 00
E-post: postmottak@hemsedal.kommune.no

Hemsedal folkebibliotek har sommarope i tida 20. juni - 20. august:
Kvar tysdag, onsdag og torsdag kl. 11 - 17

Frå 20. august: Opningstider: *tysdag kl. 13-17, onsdag kl. 13-20, torsdag kl. 13-17, fredag og laurdag kl. 11-14*
Tlf. 31 40 89 50, www.hallingdalsbiblioteka.no og Facebook

Bygdearkivet: Stengt fram til 1. oktober 2023

Ope kvar onsdag i tidsrommet 01.10.23 - 01.05.24 kl. 18-20

Kommuneposten og fristar for innlegg kan du òg lesa på våre nettsider:
www.hemsedal.kommune.no/kommuneposten

Følg med på vår nettside: www.hemsedal.kommune.no og Facebook

NAV Hemsedal

Ope kvar torsdag kl. 10 - 14 - Tlf. 55 55 33 33 - www.nav.no
Arbeidsgivertlf. 55 55 33 36 - HASTER? Ring vaktlf. 482 76 130 kl. 9-15



Ordførers sommerhjørne

Gode hemsedø!

Det er deilig med sommer! Vi er selvsagt glad i vinter, og mange har bosatt seg her nettopp på grunn av vinter og snø, men sommer i Hemsedal er også helt fantastisk!

Vi går mot slutten av denne kommunestyreperioden og nærmer oss valget.

Jeg kan si med en gang at dette blir spennende!

8 partier stiller liste, og av 2006 innbyggere som er stemmeberettiget, har 128 innbyggere mellom 18 og 85 år, stilt seg på liste til valget. Det er intet mindre enn imponerende.

Mange vil bidra til å gjøre Hemsedal enda bedre.

Men så er det også viktig at vi alle benytter oss av stemmeretten vår. Hvem skal styre utviklinga vår videre? Lokalpolitikken er noe annet enn rikspolitikken. Ordførere går ut i media og kritiserer eget parti eller regjering. I lokaldemokratiet kan partier som vanligvis står langt fra hverandre politisk samarbeide og uvanlige konstellasjoner for samarbeid på nasjonalt nivå er slett ikke uvanlig i kommunene.

Det handler om sak og personer. Hvilke personer i lokalpolitikken har du tillit til og hvem mener du målbærer dine verdier? Det er et verdivalg. Nynorsk eller bokmål? Hemsedal kommune eller Hallingdal kommune? Utvikling og utbygging, hvor og hvor mye? Vindmølle og solcelleparker, eller ikke? Bevare matjord eller bygge den ut? Private eller kommunale barnehager? Lista er lang.

Nå slippes snart partienes program og jeg lover at dere ikke vil være enige i alt, men finn det partiet du mener ligger nærmest dine verdier og de personene du har tillit til at kan styre kommuna i riktigst retning, og stem!

Husk at du kan stemme på et parti, og samtidig gi en tilleggsstemme til en politiker i et annet parti. Dette kalles en «slenger». En slenger medfører 1/17 dels stemme av en vanlig partistemme, altså må man ha 17 slengere for å få *en* hel stemme, så bruk den hele stemma di på rett sted.

Kommuna er den største arbeidsplassen i Hemsedal. 340 ansatte går på jobb hver dag for å gi gode tjenester til innbyggere og besøkende. Vi er nå inne i et omfattende omorganiseringsarbeid hvor målet er å rigge kommuna for fremtida. Kommuna får stadig flere oppgaver og måten oppgavene blir løst på endrer seg med for eksempel digitalisering, velferdsteknologi og kunstig intelligens.

Vi skal bli mer effektive for å møte fremtidas utfordringer så godt som mulig, både i daglig drift, utvikling og hvordan vi møter kommende kriser.

Kulturlivet i Hemsedal har fått seg er realt løft den siste tida. Lokale ildsjeler tar tak og står på for kulturlivet vårt. Et sterkt kulturliv er utrolig viktig for bygdas innbyggere og vår identitet, samtidig som det binder oss sammen som mennesker. Barn og unge, voksne og eldre kan alle både møtes, bli kjent og skape ting sammen. Kulturlivet er limet i bygda!

Avslutningsvis vil jeg få si at det har vært et privilegium å få være ordfører i Hemsedal i fire år og at jeg er høyst motivert til å fortsette. To år gikk med til krisehåndtering, ett år på å komme i kapp. Vi har så mye spennende på gang og jeg vil være med!

Riktig god sommer alle sammen. Hvil, lek, grill, bad, vær sosial eller mutters alene med telt ved et fjellvann.

De beste sommerhilsener fra

Pål Rørby
Ordfører





Måndag 11. september er det val til: Kommunestyre i Hemsedal Fylkesting i Buskerud

I Hemsedal stiller 8 parti/grupper lister til kommunestyrevalet:

Arbeiderpartiet
Hemsedal Bygdeliste
Høyre
Fremskrittspartiet
Kristeleg Folkeparti
Senterpartiet
Sosialistisk Venstreparti
Venstre

Dei offisielle vallistene er lagt ut til gjennomsyn i tenestetorget og på heimesidene til kommunen:
<https://www.hemsedal.kommune.no/meny/politikk-og-innsyn/val/listeforslag-kommunestyreval/>

Vallistene til fylkestingsvalet i Buskerud finn du på nettsida til Viken fylkeskommune: <https://viken.no/politikk/valg/valglistelister/> eller du kan sjå dei i tenestetorget.

Stemmerett og manntal

Stemmerett ved kommunestyre- og fylkestingsval har:

- **Norske statsborgarar** som vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og som er, eller nokon gong har vore, folkeregisterførte som busette i Noreg
- **Statsborgarar i andre nordiske land** som har fylt 18 år innan utgangen av valåret og som er folke- registerførte som busette i Noreg seinast 30. juni i valåret
- **Andre utanlandske statsborgarar** som har fylt 18 år innan utgangen av valåret og som har vore folkeregisterførte som busette i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen

For å kunne stemme må du stå innført i manntalet i ein kommune.

Står du i manntalet?

Manntalet er oversikta over alle som har stemmerett i ein kommune.

Det er den adressa der du er registrert i Folkeregisteret som **buset den 30. juni** i valåret som avgjer i kva kommune du har stemmerett. Om du ynskjer å stemme ved kommunestyrevalet i Hemsedal må du vere registrert som busett her innan 30. juni.

Manntalet for Hemsedal ligg ute til offentleg ettersyn i tenestetorget og i biblioteket frå midten av juli til og med valdagen 11.september.

På sjølve valdagen 11.september må du stemme i den kommunen der du står i manntalet.

Viss du ikkje har høve til å stemme på sjølve valdagen er det mogleg å stemme på førehand.

Førehandsstemming

Om du ikkje har høve til å stemme på sjølve valdagen er det mogleg å stemme på førehand frå 10. august til og med fredag 8. september.

I perioden 10.august – 25.august kan du stemme i tenestetorget i Hemsedal kommunehus i ordinær opningstid kl. 9 – 15.

Førehandsstemming i perioden 28.august – 8.september skjer i foajé utanfor Hemsedal Kultursal med opningstid kvardagar kl. 9 – 15.

I tillegg vert det halde ope for førehandsstemming same stad:

Laurdag 1.september 2023 kl. 10.00 – 14.00

Onsdag 6.september 2023 kl. 15.00 – 19.00 (langope 09 – 19)

Hugs å ta med legitimasjon!

Du kan stemme på førehand i kommunar kvar som helst i landet. Dersom stemmegjevinga di skal sendast med posten til ein annan kommune, er du sjølv ansvarleg for å røyste så tidleg at stemmegjevinga kjem fram med post til den kommunen der du er manntalsført innan kl. 17 tysdagen etter valdagen.

Bygdaheimen

På Bygdaheimen vert det førehandsstemming måndag 4.september kl. 10.30 - 12.30. Dei som bur i omsorgs- og trygdebustader og dei tilsette kan òg stemme denne dagen.

Er du sjuk eller ufør?

Viss du ikkje kan kome til eit vallokale fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i kommunen om å få stemme på førehand heime, såkalla ambulerande stemmegjeving. Får du samtykke til å stemme heime, kjem to valmedarbeidarar heim til deg og tek imot førehandsstemma di der.

Søknad om å få stemme heime må vere valstyret i hende seinast tysdag 5.september. Sender du søknaden i posten er adressa:

Valstyret i Hemsedal, Kommunehuset, 3560 Hemsedal.

Søknaden treng ikkje vere skriftleg, du kan og ringe Tenestetorget på 31408800 og melde frå om at du ynskjer å få stemme heime.

Tidlegstemming

Du kan stemme allereie **frå 1. juli** viss du ikkje har høve til å stemme innanfor den ordinære perioden for førehandsrøysting, og heller ikkje på valdagen.

I perioden 1. juli til og med 9. august kan du i Hemsedal kontakte tenestetorget i kommunen og avtale tid for å stemme tidleg. Ta med legitimasjon.

Kontakt: tenestetorget@hemsedal.kommune.no / 31 40 88 00

* Kultur *



SOMMAROPNING Hemsedal Bygdatur

Sundag 18. juni kl. 12.00 - 15.00

- Opning av fotoutstillinga "Tilbakeblikk: Sett gjennom Per Devors Kamera"
- Sal av Hemsedalslappar med rømme og syltetøy, kaffi og saft v/Hemsedal Flatbrødbakeri
- Kulturprogram: Song ved Hemsedalskoret / Dans ved Sissel Rudningen, Leikaringen og Heidi Roberts / Musikk ved Elise Brunner, Hans Mikkel Melhus og Tori Snerte
- Gratis inngang
Arr: Buskerudmuseet / Hemsedal Kulturkontor

Det er ei glede å kunne opne ei ny fotoutstilling på det vakre bygdamuseet vårt, som er eigd av Hemsedal kommune og blir drifta av Buskerudmuseet.

Denne sommaren er bygdaturnet ope måndag, tysdag og torsdag kl. 11-16 – frå 3. juli til 10. august.


Adresse: Lykkjavegen 61 (på Ulsåk)

Info om fotoutstillinga:

Utstillingen heter "Tilbakeblikk: Sett gjennom Per Devors Kamera".

Den tar for seg fotografier av Per Julius Devor, med spesielt fokus på Hemsedal og Vestlandet, og er satt opp av Pers datter Kristin Devor. Per var en dyktig fotograf med en helt spesiell forkjærlighet for naturen, noe som kommer tydelig fram i hans fotografier.

Sammen med familien leide han en støl i Helsingia i Hemsedal på 60- og 70-tallet, og har hentet flere motiver derfra. Fotoutstillingen på Hemsedal Bygdatur er en unik mulighet til å se Per Devors fotografier i et fantastisk historisk miljø.



Treng Hemsedal eit GALLERI?

Vil DU bidra til dette?

Det er mange kunstinteresserte som meiner at Hemsedal burde ha eit ordentleg galleri.

Men - skal vi starte eit galleri, må vi først ha ei kunstforening som kan drifte galleriet.

Vi på Kulturkontoret har sondert litt kring korleis dette kan la seg gjera. Kommunen har ikkje ressursar til å eige eller drifte eit galleri.

Men – vi kan bidra ved å dra i gang dei prosessane som må til for at vi skal kunne få eit Galleri i bygda vår.

I første omgang ber vi om at alle kunstnarar og kunstelskarar som er positive til dette sender ein epost eller sms til kulturkontoret v/ tori.johanna.snerte@hemsedal.kommune.no / tlf. 97 52 49 42.

Dersom det er mange nok som viser interesse, tenkjer vi at det kan skipast ei kunstforening i Hemsedal hausten 2023, då vil kanskje Galleri Hemsedal kunne sjå dagens lys våren 2024. Det er opp til oss.

Vi får til det vi vil. Ta kontakt!



KULTUR I SENTRUM


I tidsrommet 10. – 30. juli vil det bli mange ulike små og store kulturarrangement i Hemsedal. Med prosjektet «Kultur i Sentrum» ønsker vi å gjera det meir triveleg, skape gode kulturopplevingar og bidra til å utvikle kultur som næring i bygda vår. Dette er eit pilotprosjekt, og detaljane er i ferd med å falle på plass.

Vi har mange gode musikarar og andre kulturutøvarar og scenekunstnarar i Hemsedal og omegn, som burde hyrast inn oftare. Og vi har mange fine lokalitetar i bygda vår, eit variert næringsliv og stor variasjon i serveringsstader.

Til dømes har vi har det populære området ved elva ved Rampa og eit flott bibliotek og ei vakker kyrkje midt i sentrum. I sentrum har vi Arti Kafé, med løpande kunstutstillingar. Og i Ulsåkgrenda har vi det staselege bygdatunet, som burde brukast meir. Medan Tuv er velsigna med perla «Ein smak tå Hemsedal», med tradisjonsbakst, kafé og gardsutsal. Alle desse lokalitetane ønskjer vi å skape liv rundt i sommar.

Kultur i Sentrum vil bli marknadsført via kommunen sine heimesider, hemsedal.com og sosiale media. Følg med og hjelp gjerne til ved å dele informasjonen med tilreisande, hyttefolk, vener og kjende.

Arr: Hemsedal kulturkontor i samarbeid med Hemsedal Turistkontor, Buskerud Museum/Hemsedal Bygdatun, Kyrkja i Hemsedal, Hemsedal bibliotek, Ein smak tå Hemsedal og Arti Kafé



LAFTEKURS i august!

Kunsten å lafte er i ferd med å døy ut i Hemsedal. Magne Thorset, Waldemar Pychyrek og nokre til held denne viktige handverkstradisjonen i hevd, men det trengst utan tvil rekruttering om ikkje denne kunnskapen skal bli borte.

Hemsedal kommune vil derfor oppmode hemsedøler i alle aldrar til å melde seg på gratis-kurset som skal vera på Geilo i august:

Informasjon om kurset:

Kurset blir holdt 1-4, og 7-10 august ved Fekjo kulturminnepark hvor det stod et gammelt fjøs. Fjøset ble tatt ned i sommer. Det stod på fredet grunn riksantikvaren og fylkeskommunen har stilt krav om at det skal gjenreises som en kopi av det originale bygget. Det skal brukes tradisjonelle laftemetoder, og det skal arbeidet etter antikvariske prinsipper. Planen er å lafte noen omfar under kurset. Fjøset blir så laftet ferdig hos et laftefirma med særlig kunnskap om gamle bygg. *Sparebankstiftelsen DNB har sponser kurset.*

Ved gjennomført kurs vil deltagerne ha god oversikt over hva som er nødvendig for å planlegge og fullføre tradisjonell lafting av et tømmerbygg. Alle deltagerne vil få tildelt et kursbevis.

For mer informasjon og påmelding:

Linn Marie Krogsrud, Buskerud Bygningsvernssenter,

tlf. 97 67 29 78, epost: Linnkr@viken.no



Vandringsdag for MJUKE TRAFIKANTAR

Fredag 18. august

Det blir felles offisiell opning av «Gang Sykkelveg Trøim-Holde bru» og «Trebru Bruøyne» fredag 18. august.

I samarbeid legg Hemsedal kommune og Statens Vegvesen opp til ei skikkeleg feiring denne første fredagen etter skuleferien, som også er andre skuledag på nye *Hemsedal skule*.

- Offisiell opning av ny gangveg og ny gangbru (klokka 11.30)
 - Kulturarrangement på utescene ved Rampa
 - Natur- og Kultur-vandring Rampa – Trebrua - Bruøyne - Ny gangveg - Holde bru – Lauparvegen — Rampa
 - Servering
- Detaljert info kjem på heimesida til kommunen og i sosiale medier

FOLKEFEST!-?

Når den store scena likevel er rigga nede ved Rampa, og arrangementet skal marknadsførast vidt og breitt, så kunne vi hemsedøler ha gjort meir ut av fredagen om vi ville. Kommunen er open for dette, dersom det finnest samarbeidspartnarar der ute som kan vera med å dra lasset. Ta i så fall kontakt med konstituert kultursjef: tori.johanna.snerte@hemsedal.kommune.no

NAMNEKONKURRANSE!

Både den etterlengta gangvegen og den vakre trebrua treng namn. Har du kanskje eit forslag? Send inn til: postmottak@hemsedal.kommune.no innan 20. august, så får stadnamngruppa i kommunen noko å velja i.

Satsing på mjuke trafikantar


Hemsedal kommune satsar på mjuke trafikantar. Gangbruer og gang- og sykkelveggar spelar ei viktig rolle for trivsel, folkehelse og aktivitet. Desse prosjekta som vert ferdigstilte i sommar vil bidra til å opne nye område for både fastbuande og tilreisande. Gangbrua ved Bruøyne er allereie teken i bruk, og Statens Vegvesen ønskjer å fokusere særleg på skulebarna når også gangvegen til Holde Bru opnast denne fredagen.

Vi lagar derfor ein flott aktivitetsdag for alle barn og tilsette ved Hemsedal skule.

Arrangementet er i støypeskeia, og vi tek gjerne imot innspel!



Arr: Statens Vegvesen og Hemsedal kommune v/kulturkontoret



Ny Hemsedals-App med Historisk sus

Turistkontoret v/Katarina Wälås har i det siste utvikla ein app som viser historiske og kulturelle plassar i Hemsedal. Dei har lagt inn mange stader i appen allereie, med tilhøyrande historier på maks 1000 teikn, og er på jakt etter fleire interessante plassar som både tilreisande og bygdafolk bør få sjansen til å oppdage.

Dette synest vi på kulturkontoret er eit svært prisverdig initiativ! Og vi oppmodar alle historieinteresserte hemsedøler til å bidra i vidareutviklinga av denne kultur-appen.

Katarina ønskjer særleg at folk skal koma med innspel om plassar i sentrum og plassar det finnest stigar til – og då gjerne med tilhøyrande historier og bilete. Humor, segner og fakta. Rubb og stubb! Og ho ønskjer også innspel om stader som ikkje finnest lenger eller som ser heilt annleis ut i dag.

Du kan laste ned denne Hemsedals-appen på <https://qrco.de/be3LaK> og sjå kva for stader som ligg inne per no. Det er mellom anna mølla ved Brekkefoss, det gamle meieriet, det gamle samfunnshuset og skiferbrotet ved Trøimsåne.

Lat oss hjelpe turistkontoret med å løfte fram Hemsedal si historie! Les også meir på side 19.

Idear og innspel kan sendast til katarina@hemsedal.com eller tori.johanna.snerte@hemsedal.kommune.no



Spelemidler for idrett og fysisk aktivitet

Spelemidler

Staten har som mål å bidra til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg slik at flest moglege kan drive idrett og fysisk aktivitet.

Spelemidlane vert brukt til tiltak som gjev innbyggjarane høve til å drive både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den medlemsbaserte frivillige idretten.

Lokalmiljøanlegg, som særleg stimulerer og tilfredstillar barn sitt behov for fysisk aktivitet, vert prioriterte. For ungdom, er det eit mål å utvikle anlegg som støttar dei behova ungdom har for utfordring og variasjon.

Krav for å kunne søke om spelemidler:

er at tiltaket er med på det prioriterte handlingsprogrammet i "[Handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet.](#)"

De kan melde nye anlegg inn i handlingsprogrammet ved å sende e-post til kommunen.

Søknader må opp til politisk godkjenning før dei vert sendt til Viken fylkeskommune for handsaming. Kommunen strekker seg langt for å få med flest moglege søknader, men søknadar må vere komplett før dei vert handsama.

Søknad

Frist for innleving av komplett søknad er 1. oktober

Alle søknader må leverast elektronisk
Søknadsskjema finn du på www.anleggsregistret.no

For meir informasjon ta kontakt med Mads Elbrønd
tlf. 31 40 88 00 / 409 16 449 eller epost:
postmottak@hemsedal.kommune.no /
mads.elbrond@gol.kommune.no



Hemsedal bibliotek

I tida 20. juni – 20. august
har vi ope kvar
tysdag, onsdag og torsdag
kl. 11 – 17

GOD SOMMAR!



Går du i 1. – 7. klasse? Bli med på Sommarles!

Hemsedal bibliotek inviterer også i år til leseaksjonen
Sommarles.no

- * Sommarles er ein digital lesekampanje for alle som går i 1.- 7. klasse, og som varar frå 1. juni til 31. august.
- * Les så mykje du vil i sommar og få premiar på biblioteket for det du les.
- * Du kan lage din eigen profil på sida www.sommarles.no etter 1. juni.

Der kan du registrerte bøkene du har lese, få lesetips, vera med på quiz og lese den spennande Sommarlesforteljinga.

Spørsmål?

Ta kontakt med Hemsedal bibliotek,
tlf. 31 40 89 50,
epost: hemsedal.bibliotek@hemsedal.kommune.no



Få eit heilt bibliotek rett i lomma!

Hemsedal bibliotek tilbyr tusenvis av digitale bøker, lydbøker, aviser, blad og filmar døgnet rundt, året rundt.

- * **Bookbites:** Lån norske e-bøker og lydbøker med Bookbites-appen på mobil eller nettbrett.
- * **Libby:** Vil du lese på engelsk? Lån e-bøker og lydbøker med Libby-appen på mobil og nettbrett.
- * **Filmoteket.no:** Sjå kvalitetsfilm gratis når du vil.
- * **Pressreader:** Last ned Pressreader-appen og du kan lese over 7000 aviser og blad frå over 100 land.

Felles for alle tilboda: Du loggar du deg på med lånarnummer og PIN-kode frå biblioteket.

Har du ikkje det? Ta kontakt med oss på biblioteket, me hjelper deg gjerne, tlf. 31408950,
epost: hemsedal.bibliotek@hemsedal.kommune.no



PÅMELDING TIL KULTURSKULEN NESTE SKULEÅR 2023/24

Hemsedal kulturskule ønsker velkommen til neste skuleår!

Me tilbyr undervisning i dans, teater, kunst & graffiti, animasjon, slagverk, piano, gitar, bassgitar og song.

Nytt av året er tilbud om leikarring (denne undervisninga vil skje bolkevis) og tilbud om strykeinstrument – fiolin, cello og kontrabass.

For dei minste har me framleis songgruppa Trudelutten.

De melder dykk på via kommunen si heimeside innan 1. juli.

OBS! Dei som går i kulturskulen frå før, må hugse å re-registrere seg, innan same frist.

Velkommen!

* Familiens hus *

Aktiv sommer 2023

Velkommen til aktive og spennende dager for barn og unge i sommerferien!

Alle aktiviteter er gratis!

Detaljert informasjon og påmelding til aktivitetene kommer snart, følg med på facebooksidene til Frivilligsentralen og BUA.

ke 26 (man-fre): 5. kl. +

Uke 27 (man-fre): 1.- 4. kl.

Uke 28-29 (tirs og torsd): 1.- 7. kl.

Uke 32 (man-fre): 5. kl. +

Uke 33 (man-ons): 1.- 4. kl.



Støttet av:



* Helse og omsorg *



Informasjon frå legekantoret:

Det har kommet mange spørsmål til legekantoret i forhold til at Øystein Husby slutter som fastlege fra 1. oktober.

Kommunen har lyst ut stillingen og er i prosess med å ansette en ny fastlege.

Alle pasientene på lista til Øystein vil bli overført til den nye fastlegen. Pasientene trenger ikke å gjøre noe selv, dette skjer automatisk.

Vi oppfordrer ellers alle pasienter til å bestille resepter og legetimer i god tid gjennom sommeren da det er ferietid og det kan bli forsinkelser.



Velkommen til småbarnstreff/babysang

på Familiens Hus onsdager kl.10.30 - 12.30

Velkommen til et treffpunkt for foreldre og barn!

Det blir babysang og temasamlinger annen hver uke, med servering av enkel lunsj.

30.august: Babysang

6. september: Tema: Trygghetssirkelen

13. september: Tema: Trygghetssirkelen

20. september: Babysang

27. september: Babysang

11. oktober: Babysang

18. oktober: Tema: Familieliv

25. oktober: Babysang

1. november: Tema: Førstehjelp for småbarn

8. november: Babysang

15. november: Tema: Motorisk utvikling

22. november: Babysang

29. november: Tema: Rus og julefeiring

Endringer kan forekomme, følg med på kommunens facebookside for oppdatert informasjon.



Arr.
Familiens Hus & Kyrkja i Hemsedal



* Helsehuset *



Sommerfest for de frivillige

Hemsedal frivilligsentral inviterer til sommerfest for alle frivillige som hjelper oss med oppgavene vi har i bygda, på Frivilligsentralen og BUA

onsdag 21. juni 2023 kl. 17:00 -20:00

Sted: Hemsedal Frivilligsentral Helselagshuset

Grillmat og dessert.
Vi har brus, saft, vann, kaffe.

Påmelding til Jette før 19. juni 2023

Tlf. 476 78 040

jette.lassen.ellseth@hemsedal.kommune.no

Hilsen Kari, Karina, Line og Jette



«Grisehuset»

Åpent hele sommeren

Hva er Grisehuset?

Jo, ser du....det er huset hvor du kan levere en god bok du har lest, eller om du vil hente deg en bok du ønsker å lese.

Tilbudet er gratis, åpent hver dag og basert på tillit. Huset finner du i hagen bak Helselagshuset.

Har du lest ei god bok fra Grisehuset legg igjen en kommentar til oss på facebook

Vi har veldig mange flotte og spennende bøker, men vi venter litt med å ta imot flere.

Hilsen Frivilligsentralen



SOMMERTURER med Hemsedal Frivilligsentral

Frivilligsentralen arrangerer igjen våre populære sommerturer.

Alle i bygda er velkommen til å være med oss. Deltakere må kjøre egen bil og samkjøre. Frivilligsentralen har minibuss til 8 deltakere.

Der vil bli en egenandel på transport og betales direkte til sjåføren som kjører.

Torsdag 29. juni tar vi turen over til Vasskanten Marina kafe, som ligger ved Oset Fjellhotell.

Du kan bestille fra menyen det du måtte ønske.

Avreise fra Helselagshuset kl. 10:00

Torsdag 6. juli besøker vi gården til Hans Vidar og Toril i Lio

Vi får servert rømmegrøt/spekemat og kake og kaffe. Det blir også et musikalt innlegg, og Hans Vidar viser litt bilder og forteller om driften på gården.

Pris pr.person kr 150,-

Avreise kl. 10:30 fra Helselagshuset

Torsdag 13. juli Fagerdalen Støl

Fagerdalen Støl er en sommer-støl mellom Bergsjø og Hovet.

Fagerdalen Støl har vært i familien i mer enn 300 år og drives nå av Anne-Lise som er på stølen hver sommer.

Egen meny, bestilles i forkant.

Avreise fra Helselagshuset kl. 09.30

NB! Kontantbetaling på Fagerdalen

Påmelding til alle turene minst 2 dager før til Frivilligsentralen tlf. 476 78 040 eller email: jette.lassen.ellseth@hemsedal.kommune.no





Sommerfest for Torsdagstreffen

Torsdag 22. juni kl. 12.00 til 15.00

Vi koser oss med grillmat og kake.
Basar og sang.

Ta på finklær og hatt, om du har.

Dette blir siste treff før sommeren.

Vi starter opp igjen 24. august,
du får beskjed på SMS.

29. juni, 6. juli og 13. juli drar vi på
forskjellige turer med kafébesøk.

Vi sender egen invitasjon og
påmelding for sommerens turer.

Hilsen Frivilligsentralen
v/ Kari, Karina, Line og Jette



Åpent hus ute og inne

Tirsdager kl. 11.00 til 13.00
Hobbyverkstad for alle i bygda

Tanken er at vi lager ting som vi selger, pengene går til innkjøp av nytt utstyr og aktiviteter på Frivilligsentralen og ungdomssentralen.

Du kan selvfølgelig også holde på med egne hobbyer. Her trenger du ingen forkunnskap. Vi deler ideer og kunnskap!

Dyrking av grønnsaker i plantekasser.

Om du vil være med å strikke sokker / bukser av restegarn til barnehagen, meld fra til oss.

Dette skal være en sosial møteplass.

Kaffe og varm saft blir servert, ta gjerne med din egen lunsj (noen ganger steiker vi vafler).

Vi forsøker å holde åpent hele sommeren!

Frivilligsentralen,
tlf. 47 67 80 40 fri.hem@online.no



Kurs i belastningsmestring (KiB)

KiB er utarbeidet for voksne som har behov for å bedre evnen til å regulere og mestre egne belastninger. Eksempler på belastninger kan være:

- Tidspress
- * For mye eller for lite utfordringer
- * Lite kontroll over egen arbeids- eller livssituasjon
- * Problemer i mellommenneskelige forhold
- * Sykdom/helseproblemer
- * Økonomiske problemer
- * Livskriser
- * Å være pårørende

Hva tilbyr vi?

Kurset bygger på kognitiv teori med fokus på sammenhengen mellom tanker, handlinger og følelser. Dette er ikke samtaleterapi, men vi tar opp aktuelle problemområder i gruppen.

Den enkelte kursdeltaker arbeider videre med egne utfordringer ved å prøve ut metoder/teknikker som læres på kurset.

Kurset strekker seg over 10 samlinger med 8-12 deltakere.

Selve kurset er gratis, men deltakerne kjøper en egen bok, kr 200, som vil følges gjennom samlingene.

Påmelding

Du kan ta direkte kontakt med oss i Helsehuset eller få henvisning til kurset fra din fastlege. Alle må gjennom en forsamtale med kursholderne før kursstart hvor hensikten er å vurdere om kurset er det riktige tilbudet for den enkelte ut fra nåværende situasjon.

Tlf.: 906 54 921 (hovedtelefon Helsehuset)

Mail: helsehuset@hemsedal.kommune.no

Kursholdere: Elianne Ulsaker og Linda Magnetun

Tidspunkt

Torsdager klokken 12:30-15:00 i kjelleren på Bygdaheimen.

21. sept, 28. sept, 12. okt, 19. okt, 26. okt, 2. nov, 9. nov, 16. nov, 29. nov, og 14. des.



FRISKLIVSENTRALEN

- gjer det enklare å ta gode val for helsa

- * Ei kommunal tverrfagleg helseteneste
 - Hjelp til å mestre helseutfordringar
 - Fremje fysisk og psykisk helse
 - Førebyggje eller avgrense sjukdom
- * På Frisklivsentralen er du deltakar, ikkje pasient
- * «Eg har fått god hjelp, men jobben har eg gjort sjølv»
- * Ønskjer du hjelp og støtte i din kvardag?
- * Bli meir fysisk aktiv?
- * Eit sunnare kosthald?
- * Betre søvn?
- * Tobakksfri kvardag?

Fastlege, anna helsepersonell eller NAV kan henvise, men du kan nytta deg av tilboda utan henvisning.



Trening med Friskliv

Kanskje treng du ein venleg dytt for å koma i gang med trening?

Friskliv gir ikkje behandling, men er ein helsefremmande og førebyggjande helseteneste.

Du er deltakar i din eigen endringsprosess og set dine egne mål. Kanskje er det ikkje den store justeringa som skal til?

Målsettinga med deltakinga er at du i auka grad meistrar å ta vare på eigen helse og at du fortset med dei nye vanene dine når oppfølginga hjå Friskliv vert avslutta.

Ta gjerne kontakt med frisklivskoordinator Tordis Neteland for å høyre meir om dei ulike tilboda, tlf. 970 58 818 / friskiv@hemsedal.kommune.no



Turgruppen Frisk

Om ikkje anna er avtala, møtast Turgruppa frisk kvar måndag kl. 10.00 på oppmøteplassen. Derifrå køyrer vi anten med den kommunale minibussen, eller vi fyller opp egne bilar. Hugs mat og drikke. Om det høver slik, legg vi gjerne turen innom ein kafé.

Dato:	Tur:	Oppmøteplass:
19.06.	Rundt Fagersetvatnet	Tuv
26.06.	Gommobu - Synet	Kiwi, Ulsåk
03.07.	Hjelle - Vetti	
	Årets mandagstur - vi bruker hele dagen.	Apoteket kl. 08.30
10.07.	Nøreli og/eller Vidhovd	Kiwi, Ulsåk
17.07.	Eldrehaugen - Bjøberg (litt vest for Bjøberg)	Tuv
24.07.	Totten - Vi tek heisen opp og går så langt vi ynskjer før vi går til Fjellkafeen	Apoteket, Trøim
31.07.	Golf Alpin - Øvre Hemsedalsvegen	Kiwi, Ulsåk
07.08.	Buaklanten	Apoteket, Trøim
14.08.	Vabuleino - Lysebotn	Tuv
21.08.	Venås - Lio - Venås (Kongevegen)	Tuv
28.08.	Tuv - Kroken - Sjøheim (over åsen)	Tuv
04.09.	Hemsedal hytt- og feriepark - Hjelman (eller så kort eller langt vi vil gå)	Kiwi, Ulsåk

Turen 3. juli til Hjelle / Vetti avreise kl. 08.30 kommer vi seint hjem.

De som vil gå inn til Vettisfossen må kjøre egen bil.

Dette er en krevende tur på noen partier, og kan være fint å gå med fjellsko og staver.

